

BOKN BYGDAABLAD

NR. 7 - SEPTEMBER 1991 - ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

NOK HYTTER I KOMMUNEN?

Bokn har fått hytteplan. Etter eit omfattande planarbeid med høyringsrunde og behandling i ulike nemnder og kommunale organ, vart planen godkjend og utsend til innbyggjarane.

Planen gjeld fram til år 2000, men skal rullerast og tas opp til ny vurdering kvart 4. år. Første gongen han skal opp att er alt om 2 år.

Før hytteplanen kom, hadde ein ikkje noko redskap til å styra hyttebyggjinga. Det kunne då vera vanskeleg å avgjera kva kriteriar ein skulle leggja til grunn for kvar ny søknad om hytte.

Bokn Bygdablad har hatt samtalar med to personar som har sine meiningar om hytter og turisme. Det er leiar av Teknisk Hovudutval i Bokn - BIRGER LINDANGER, og ALF JØSANG som bur i eit område av kommunen som har mange hytter i nabølaget.

ALF JØSANG som bur i eit område kor hyttene er nokså mange, har ganske bestemte meiningar om dette. I utgangspunktet seier han at det er meir enn nok hytter i ytre krets. Han vart nokså overraska då han såg i hytteplanen at det faktisk vart gitt signal om at det kunne byggjast endå nokre fleire hytter. Han meiner at den nemnda som har utarbeidd

HYTTEPLAN FOR BOKN KOMMUNE 1989-2000



hytteplanen og politikarane som har vedtatt han, ikkje kjenner til kva ulemper det er med hytter i nabølaget. Han kritiserer også at folk som er fastbuande i hytteområda ikkje er kalla inn til orienteringsmøte kor dei kunne seia ifrå om si meining.

ALF JØSANG hevdar at ulempene med hytter er svært store for dei som er fastbuande. Han er redd for at dersom det kjem fleire hytter i ytre krets, kan det utvikla seg slik at nokre hyttefolk kan koma til framh. s. 2

NOK HYTTER I KOMMUNEN?

å ta seg til rette både på sjø og land. Dei fastbuande som er vane med å ha fredelege forhold, får heile livssituasjonen forandra med feriefolk på alle kantar. Med meir hyttefolk i området, kan dei koma til å bli i vegen for vanlege yrkesfiskarar.

ALF JØSANG meiner også at utleigehytter er ein uthing. Han meiner det er kortsiktig å satsa på dette, og at det er lite å tena på det. Ulempene med å få så mykje feriefolk inn i kommunen er altfor store. Dei har med seg både mat og andre forbruksvarer, meiner han, og legg difor lite pengar att. Til slutt vil dei dominera miljøet fullstendig, slik at dei fastbuande har lite dei skulle ha sagt. ALF JØSANG har inga tru på at det vil la seg gjera å leggja tilhøva til rette slik at både boknarar og turistar kan leva greit ved sida av kvarandre.

Han kritiserer også at folk som får lov å setja opp sjøhus, set i gang med innreiingsarbeid for deretter å leiga ut som hytte. Dette må kommunen ordna opp i.

Vidare seier ALF JØSANG at dei som gjerne vil tena pengar på hytteutleige, helst har utleigehyttene langt borte frå der dei bur, så slepp dei ulempene.

ALF JØSANG har sett leiaren for teknisk hovudutval, BIRGER LINDANGER sine meininger om hyttebyggjing, og kommenterer dette med at det gir uttrykk for at BIRGER LINDANGER ikkje har hatt hytter rundt seg, og må forhøyra seg om korleis dette fungerer i praksis.

-Ikkje ei hytte meir må opp i ytre krets! -

Det er den klare beskjeden Alf Jøsang vil gi til politikarar og grunneigarar.

Han seier at politikarane heller må leggja tilhøva til rette for fastbuande.

BIRGER LINDANGER seier at det var eit stort framsteg å få utarbeidd ein hytteplan. Med denne har kommunen eit styringsredskap for hyttebyggjing.

BIRGER LINDANGER seier at han er fullt klar over at hyttebyggjing både har positive og negative sider, men at ein nå må prøva å leggja tilhøva slik til rette at ein begrensar dei negative sidene, slik at kommunen kan ha noko att for å ha turistar buande her.

I utgangspunktet privatiserer private hytter store område, slik at ein bør vera restriktive med å gi nye løyve. Desse hyttene vert heller ikkje så mykje nytta som tilfellet er med utleigehytter. Difor meiner eg at ein bør vera svært restriktiv med å gi løyve til nye privathytter. I same kategori kjem bruksendring av sjøhus til hytter. Kommunen er nå i ferd med å gjennomføra tiltak for å stoppa denne utviklinga. Utleigehytter kan vera ein del av næringsgrunnlaget for t.d. bønder, og kan ofte gi inntekt i større deler av året. BIRGER LINDANGER seier at det har vist seg andre stader at utleigehytter gir ei viss attatinnntekt, og såleis kan vera med på å gi t.d. bønder eller andre den inntekta som må til for at dei skal bli buande i kommunen. Turisme vil etter kvart kunna bli ein

næringsveg også her i kommunen. Det viktige blir å leggja tilhøva slik til rette at dette skjer innafor rammer som ikkje øydelegg livsmiljøet for dei andre fastbuande.-

I Bokn kommune er det i dag nærmare 100 hytter. I

hytteplanen står det at det er ei målsetjing at kommunen skal styra den venta veksten i hyttebyggjinga, og at hyttene skal konsentrerast der konfliktene med andre interesser er små. Det skal tas vare på almene behov, og hyttebyggjinga må utvikla seg slik at det gir mest mogleg

glede, trivnad og inntekter for dei fastbuande.

Det er også presisert at utleigehytter på sikt kan gi større inntekter for grunneigarar og kommune enn vanleg sal av tomter, og at dette såleis er interessant som næringsveg.

INFORMASJON ETTER VAKSINEFORSØKET

Alle elevane på Bokn skule som var med i vaksineforsøket mot hjernehinnebetennelse vart vaksinert med ekte vaksine.

Elevane er vaksinert med vaksine mot meningokokker gruppe B.
Vaksinen viste seg å gi ca.60% beskyttelse.

Elevane er ikkje vaksinert mot meningokokker gruppe C.

Det vil sei at vi må framleis hugsa på symptomata på sjukdomen.

Desse er:

- 1.Høg feber ofte med kvalme og brekningar,
- 2.Stiv nakke og rygg ved hjernehinnebetennelse
(gjeld ikkje for born under 1 1/2 år)
- 3.Raudprikkete som ikkje forsvinn om ein trykkjer
på det med eit glass,etterkvart kan det verta
samarhengande blodutredning.
Utslettet ser ein hos halvparten av dei som har
hjernehinnebetennelse og mest alle med
blodforgiftning,
men det er eit teikn på at det verkeleg hastar!

Skulehelsetenesta vil takke elevane som var med i dette
viktige vaksineforsøket. Dei som ikkje var med i forsøket vil
ikkje få tilbod om vaksine ennå, då vaksinen ikkje er godkjent.
Folkehelsa skal arbeide vidare med vaksinen og så søkje
god-kjenning. Dette reknar dei med kan ta ennå nokre år.

Helsing skulehelsetenesta

Marie L. Faye

FEIING

Huseiere som vil ha utført
feiing må henvende seg til
Edvin Øvrebø i løpet av
september. tlf.74 85 90

Brannsjefen


SKATTEOPPGJERET

FOR 1990

Skatteoppbjeret for 1990 vert
i Bokn kommune utsent torsdag
den 5. september.

BOKNASPEIDARANE

SPEIDAR TIL SJØS



Fredag den 16. august la S/S "ELIDA" ut frå Føresvik med 28 speidrarar og 4 leiarar om bord. Med Joh. 3,16. som rederi- og seglmerke med 25 meter høg mast og 500 kvadratmeter seglflate og med passegjer "sprøe" skipper og mannskap, mätte turen verta ein suksess. 25 meter høg mast - 25 meter høg bru over "Sundet" - Kan nokon ha målt feil? Det gjekk godt. Sjølv om det var ein maskinist som koka, var maten topp. Og "den åndelege føda" i bibeltime og samlingar var ikkje därlegare.

Og du verden, då alle segl var heiste og kulingen frå NV gav fart opptil 9 knop, då trur eg at det var ein (me skal ikkje nevna navn) som bestemte seg for å spørja Ragnhild om å få seg seglbåt.

Det vart og tid til fisking (makrell - lyr - torsk - kvitling) og til bading (jentene bada mest - ingen leiarar bada) og grilling osv.

Den første natta låg me på Halsne. Då sov muligens eit par av speidarane. Klokka fem om morgonen starta makrellfiske med stong frå skipssida. Den andre natta var me fortøyd til eit bratt berg på ei aude øy. Då sov alle.

Ein kjempekul tur var meinings til speidaran og leiarar (untatt troppsleiar som for det meste låg under dekk med 40 i feber).

Takk til dykk som støttar speidaren med forbøn og på praktisk måte, slik at borna og ungdomane våre kan få slike opplevingar.

FOTBALL

Bokn lille gutter har hatt to kamper etter sommerferien. Begge har gitt Bokn seier.

Sveio 3 - Bokn 2 - 6
Bokn - Åkra 5 6 - 0

TABELLEN

Åkra4	8	8	0	0	65-10	24
Torvastad4	8	6	1	1	40-17	19
Bokn	8	5	1	2	33-19	16
Sveio3	8	3	0	5	25-41	9
Aukl.hamn	7	2	0	5	12-39	6
Åkra5	7	1	0	6	14-37	3
Vedavåg3	8	1	0	7	10-36	3

BOKNAR - IKKJE BOKNVÆRING

Dette påpeika Edgar Våge i eit lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad den 3. august i år. Det var i ein heilsides artikkel i avisas den 26 juli om det nye Bokn-sambandet at journalisten konsekvent brukte nemninga "Boknværing" om boknarane.

Også "boknbu" og andre nemningar er brukt i andre aviser.

Som Edgar Våge skreiv i innlegget, kan jo journalistane berre spørja dersom dei er usikre på kva som er rett før ein diktar opp eit konstruert namn.

4000 kroner til LILJER FOR LIV 91 i Bokn kommune.

Liljeseljarane i Bokn kommune rettar på vegne av Den Norske Kreftforening ein varm takk til alle som har vore med på å støtta kampen mot ein av våre alvorligaste folkesjukdomar.

BRUK SYKKELHJELM

Når du er ute og syklar, t.d. til og frå skulen, bør du bruca sykkelhjelm. Sjøl ved små uhell vil hjelmen beskytta.

helsesøster

TVUNGEN RENOVASJON

Teknisk utval utsette saka

Teknisk utval i Bokn hadde ei sak om tvungen renovasjon til behandling den 20.08.91. Det var innstilt på å innføra tvungen renovasjon fra 1.01.92.

Bokn kommune er den einaste kommunen i Rogaland som ennå ikkje har innført tvungen renovasjon.

Leiar i teknisk utval - Birger Lindanger, seier at når saka nå vart utsett, var det m.a. for å sjå om ein kunne få til meir fleksible ordningar. Det er stor forskjell på kor stort behov dei ulike familiene har for renovasjon, og ein bør sjå om det er muleg å få til ei ordning kor nokre kan levera litt sjeldnare enn t.d. ein gong i veka.

INDUSTRIBYGG

Bokn bygningsråd ga i møte den 20.august Harald Nygård løyve til å føra opp eit industribygg på 545kvadratmeter på industriområdet ved Knarholmen. 475 kvadratmeter er verkstadhall. Kontor, matrom m.v. er planlagd i eige tilbygg.

VIDEO FRÅ KONGEBESØK

A&O video tok opp ein video frå kongebesøket i Bokn den 26. juni som dei har for sal til publikum.

Videoen som er på 50 minutt startar med arrangementet på Boknatun, har heile arrangementet i Arsvågen, og sluttar av med at Kongen forlet Arsvågen.

Ei historisk hending som er vel verd å ha.

RENNESØY


NÆRASTE NABO I SØR

Den 28. august var ein delegasjon fra Bokn på gjesting i Rennesøy kommune. Dette var ein gjenvisitt, då representantar frå Rennesøy hadde vore på Bokn for ei tid sidan. Føremålet med desse besøka har vore gjensidig kontakt og utveksling ettersom begge desse øykommunane har vore "utsette" for dramatiske endringar den siste tida, i og med ferdig fastlandssamband over Bokn, og snarleg fastlandssamband over Rennesøy (Rennfast). I og med dette vil kommunane bli meir tilgjengelege ovafor kvarandre med 20 minuttars ferjestrekning mellom.

Ved besøket var det ei omvising på Utstein Kloster, i ein ny idrettshall, i kommunesenteret og i eit kulturbygg som var under oppbygging. Det viste seg her at dei som budde i dei ulike bygdene på Rennesøy, sjøl gjorde ein vesentleg innsats ved dugnad både på idrettshallen på Mosterøy og på kulturhuset i Vikevåg. Hadde ikkje dette skjedd, ville ikkje kommunen kunna bygd så mykje på så kort tid. Kan dette vera noko boknarane kan ta etter? Vidare var det omvising på Rennfast-anlegget, mellom anna ved moloen i Mortavika.

Det vart også diskutert erfaringar frå vegutbygginga, og kva muligheter dette kunne gi av t.d. næringsutvikling. Vidare vart det diskutert framtidig samarbeidsmulighet t.d. i reiseliv og kultur.

I samband med Rennfast-utbygginga er det



gjort mange utgravingar i Rennesøy, og det er funne spor etter steinaldermenneske som gjekk i land på Rennesøy for 10 - 12.000 år sidan. Dette er den første nordmann, så og seia. Elles fins dei rikaste fornminnefunn i fylket på Rennesøy. M.a. er eit langhus frå 750 e.Kr. funne her som det einaste på Sørvestlandet.

Rennfast som skal åpnast seinhaustes neste år, vil korta ned ferjetida til under det halve av dagens reisetid. Då blir Bokn i praksis igjen nær nabo til Rennesøy, og det vert vel ikkje unaturleg om ein tar opp ulike måtar å samarbeida med denne kommunen, t.d. i kultursektoren. Les ein i gamle skrifter, ser ein at då båten var viktigaste framkomstmiddel, var det ein god del kontakt mellom boknarane og rennesøybuen.

GOD SKATTEINNGANG

I perioden 1.01.91 - 31.07.91 har det vore ein auke i skatteinngangen i Bokn på 21.2% i høve til same

perioden i 1990. Det vert nå spennande å sjå om denne utviklinga vil halda seg ut året.

FORELSKØ I BØKER



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30
ONSDAG : 16 - 19.00
TORSDAG: 10 - 13.30

VAKSNE

Hillerman, Tony:
Den maskerte guden

Ludlum, Robert:
Jason Bourne's ultimatum 1 og 2

Anthony, Evelyn:
Den blodrøde tråd

Brent, Madeleine:
I steinbukkens tegn

Gedge, Pauline:
Faraos sønn

BARN OG UNGDOM

Nielsen, Unni:
Kulda kommer

Männikkö, Lise:
Augusta på sommerferie

Røsholdt, Ole:
Den gyldne ormen

Ambjørnsen, Ingvar:
De blå ulvene

Haagenrud, Grete:
Sofie og Kathrine

KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?



Sommarminne frå elevar i 3.klasse

I sommar var me i Danmark.

Me reiste med bil til Kristiansand. Så reist me te Danmark.
de var kjekt

ERLEND

Eg tog fly til Bodø og eg kjende til Norland
det var fint ver og eg jor mase løye
men de blei kjedeleg når de Blei regen.

SOLVEIG

I sommar var me i Drammen og i Drammen var De varmt. Så Tok me tok tåge til oslo og så Køyrd me Til Stavanger og var På FotBal KamP og så reiste me jem og så HaDe me loPPemarkeD. Pengane jek Til reD Barna.

Daghild

me reiste te danmark. Der var de kjekt. me bada der.
for og koma til danmark måte me ta farja

Bjørn erik

Me køyrde til dalen der var det varmt.

For å komma til Telemark måtte me køyra over Haukeli. Me kunne ikkje køyra gjennom tunellen. Den var stengd.

Me såg mange geiter.
Eg bada På Åkrasanden med syskenbarnet mitt.

Glenn Taraldlien

vi reiste Til hlder og vi måtte kjørte åver Hukelifelet og gjennom Norges lengste tnel og vi kjørte fust gjennom Åkerfjorden.

Jostein

til Oslo somarmine

Me reiste til Garden og Moss og eg kjende Mosselukta og va hos Ste Tanten Min.

Ho bor utfor Drammen
eg sovna i bilen Me såg geit i haukeli, eg fek Noko Nyt
eg va i Tusenfryd eg tok Berg og dalBanen
Me bode i holmestrand

Geir Helge

STOR HELGETRAFIKK OVER ARSVÅGEN FERJELEIE

Sundag den 25.august hopa det seg opp ein stor bilkø på ferjeleiet i Arsvågen.


Ferjeselskapet hadde då sett inn bilferja "Skutvik" som berre tar vel 60 bilar i tillegg til storferja "Stamveien". P.g.a. stor trafikk hopa det seg opp ein stor kø på sundagskvelden, og ferjeselskapet sette derfor inn "Fjordveien" på ein av turane i staden for "Skutvik" som dei sende til Skudeneshavn. I tillegg sette dei inn "Kystveien" kl. 22.30. Denne tok då resten av bilane som sto i kø.

Denne sundagen gjekk det 2075 bilar over Bokn og 367 over Skudeneshavn. Altså 85% over Bokn.

Frå Skudeneshavn kom det kritikk over at dei tok "Fjordveien" fra Skudenessambandet til Bokn sambandet ein tur, men driftsleiar Torleif Frafjord i ferjeselskapet seier at det var rett å setja denne ferja inn på Bokn sambandet i og med at det her var ein kø på 280 bilar, mens det i Skudeneshavn berre var få bilar i kø.

Framover vil "Kystvegen" kunna koma innom Arsvågen i 22.00 - 22.30 tida og ta unna det som måtte stå i kø i tillegg til dei to andre ordinære ferjene.

Til neste sommar vil "Masfjord" med plass til 140 bilar igjen koma tilbake og avløysa "Skutvik" i sommartrafikken.



BOKN KOMMUNE

Kunngjøring om ambulerende stemmemottaking og forhåndsstemmegivning

Kommunestyre- og fylkestingsvalget 1991 mandag 9. september

Forhåndsstemmegivning i Bokn kommune for syke og uføre som er hjemme (ikke på sykehus o.l.).

Hvis du på grunn av sykdom eller uførhet ikke kan møte opp i valglokalet på valgdagen og stemme der, kan du avgif forhåndsstemme hjemme ved å gå frem på følgende måte:

Skriv et brev til valgstyret og be om å få avgif stemme hjemme (eller på annet oppholdssted).

I brevet skal du oppgi:

- navn
- fødselsår og -dato
- nøyaktig adresse der du oppholder deg i tiden fram til 7. september. Hvis du flytter før 7. september, må du oppgi både den nye og den gamle adressen, og dessuten datoén du flytter.
- Du skal undertegne brevet selv. Hvis du ikke kan undertegne brevet selv, kan en person over 14 år undertegne for deg med sitt eget navn.
- I brevet må en person som har fylt 14 år, bekrefte at han eller hun kjenner deg. Personen må også bekrefte at du er så syk eller ufør at det vil være umulig for deg å møte fram i valglokalet på valgdagen.
- Du kan også ringe valgstyret, telefon 74 85 00 og gi beskjed om at du ønsker å avgif forhåndsstemme hjemme (eller på annet oppholdssted).

En eller annen gang før 7. september vil du få besøk av en stemmemottaker som kommer for å motta stemmen din.

Hvis du er forhindret fra å møte fram i valglokalet mandag den 9. september, kan du stemme på forhånd.

Forhåndsstemmegivningen foregår på følgende steder:

Sted	Dato	Klokkeslett
Boknatun	1. juli-6. sept.	Kl 09.00-14.00
Boknatun	7. sept.	Kl 10.00-14.00
Boknatun	8. sept.	Kl 14.00-18.00

Er du i tvil om hvordan du skal forholde deg eller trenger hjelp, kan du ta kontakt med valgstyret, tlf. 74 85 00.

SKYSS VALDAGEN

I samband med kommunenevalet 9. september 1991 vil det bli sett opp ekstraskyss til stemmelokalet på Boknatun.

1. Kl. 10.00 fra Kro - Våga - Boknatun.
2. Kl. 11.30 fra Alvestadkroken - Are - Loden - Gunnarstad - Boknatun.
3. Kl. 16.30 fra Kro - Våga - Boknatun.
4. Kl. 18.00 fra Alvestadkroken - Are - Loden - Gunnarstad - Boknatun.

For valgstyret i Bokn kommune
Føresvik 21. august 1991
Leif Vatnaland, valgstyrets leder



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

KUNNGJØRING

FORSLAG TIL OMREGULERING AV BOLIGFELT I FØRESVIK

I henhold til Plan- og bygningslovens §28-1 vedtok bygningsrådet i møte den 20. august 1991 forslag til omregulering til del av boligfeltet "FØRESVIK-NORD"-utarbeidet av firmaet Garvik A/S.

Omreguleringen omfatter 3 eneboligtomter som foreslås endret til 6 tomter beregnet på småhusbebyggelse.

Planen er utlagt til offentlig ettersyn og eventuelle merknader må være sendt Bokn bygningsråd innen 1. oktober 1991.

TEKNISK ETAT

KOMMUNEN SITT MUSIKKANLEGG

Mange er sikkert ikkje merksam på at kommunen sitt musikkanlegg er til utleige ved forskjellige arrangement både ute og inne.

Det er eg som er hovudansvarleg for anlegget, og dei som vil leige tar kontakt med meg eller administrasjonen ved skulen.

Etter vedtak i kommunestyret er leiga av musikkanlegget kr. 300,- Ekstra for tilsyn, hjelp, mixing m.v. min. kr. 200,-

Generelt for all utleige er at ein ikkje tek leige av kommunale organ/verksemder eller skulekorpset.

Jordan

UTLEIE HUS/HYTTER

Etter at Bokn er blitt landfast og ferjetrafikken er etablert har vi i kommunen merket en sterk økning i etterspørselen etter overnatningsmuligheter.

Forespørslene kommer fra både utenlandske og norske reisende.

Kommunen har i sitt handlingsprogram vedtatt at turisme skal være et satsingsområde, og ønsker å ta initiativ til å få kartlagt hvem som har hytter, hus eller leiligheter å kunne leie ut til turister.

Vi ønsker i første omgang at de som måtte ha utleieobjekt tar kontakt med Reidar Alvestad eller Stein Alendal i kommuneadministrasjonen.

Dersom det viser seg at flere er interessert ønsker vi å innkalle til et felles møte for å finne en riktig måte å organisere virksomheten og drive markedsføring.

Bokn kommune

KONGEBESØKET : TAKK TIL BOKN

Både frå Fylkesmannen i Rogaland og frå Utenriksdepartementet si presseteneste er det til Bokn kommune v/ ordføraren kome takk for den måten programmet vart utført på. Frå Utenriksdepartementet si presseteneste uttala dei at dei var samde i Dagbladet at besøket i Bokn var "et av signingsferdens hittil fineste arrangementer".

HJARTE/KAR UNDERSØKING

Også i år blir det hjarte-kar undersøking i Bokn. Dette er ei oppfølgjing av den hjarte-kar undersøkinga som vart foretatt i Bokn hausten 1988.

Undersøkinga i år vert i første del av oktober.

IDRETTSSKULEN

Idrettsskulen startar opp tirsdag den 3.sept. slik:

kl.16.00: barn 3 - 5 år
kl.16.45: barn 5 - 7 år
kl.17.30: barn 7 - 10 år

Alle som gjekk før ferien pluss nye er velkomne.



BOKN UNGDOMSKOR

DETTE NYE KORET ØVER PÅ
MANDAGAR KL. 19.00, OG
SOM VANLEG ER DET I **MUSIKK-**
ROMMET.

Har du lyst å vera med ?
Me kjem til å synga pop, rock,
gospel, negro spirituals, soul,
musicals, viser, latin-
amerikansk og annan rytmisk
musikk, osv.

HER ER NOKO FOR EIN KVAR !

MUSIKKEN BLIR FRAMFØRT
SAMAN MED FLINKE MUSIKRAR !

ALDERSGRUPPE : FRÅ 7. KLASSE.
(...ingen er for gamle....)

KOM OG BLI MED !!!



Jordan

KORMAPPER/NOTER

HAR DU VORE MED I KOR ?

I løpet av dei 5 siste åra har ca. 150 stk. her i kommunen vore med i kor, og alle har ikkje vore like flinke til å leve KORMAPPENE frå seg etter bruk.

Eg vil be om at dei som har mapper heime - og som no ikkje er med i kor, om å leve dei snarast til musikkskulen. Me treng fleire til ungdomskoret.

TIL DAMEKOR-MEDLEMMER :

Dei frå damekoret som ikkje skal vere med i ungdomskoret må LEVERE ALLE NOTENE TIL MUSIKKSULEN.

Jordan

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR :

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND :

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR :

Reidar Alvestad

ABONNEMENT :

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR :

Heilside: kr.300

Halv side: kr.150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

<p>ARRANGEMENT I SEPTEMBER</p> <p>4.09: Val-møte på Bokn skule. Alle partia som stiller liste i Bokn.</p> <p>11.09: Indremisj. har møte på Bokn Bedehus.</p> <p>11.09: Røde Kors arr. kl. 17.30 utegrillkos v/ brakkene sine. Værforbeh.</p> <p>14.09: Manekengoppvisn. kl. 14.00 på Bokn skule. Sal av kafi m.m. Utlodning. Røde Kors.</p> <p>18.09: Bingo: Skulekorpset.</p> <p>25.09: Hagelaget har møte med emnet: "Stell av potteplanter".</p> <p>26.09: BOREAS TEATER: "PLANET-SERVICE A/S" på Bokn skule kl. 17.00. Barneforestilling. Arr: Kulturstyret.</p> <p>28.09: Dans. Arr: MC-klubben.</p>	<p>FOTPLEIE</p> <p>Det vert fotpleie måndag den 9.september. Påmelding til sosialktr. 74 85 00 snarast.</p> <p>Møteplan for Bokn Bedehus hausten 91.</p> <p>28.aug. Malikveld. 1.sept. Misjonsfest NMS. 8.sept. Møte. 11.sept. Utlodning Indrmisj. 17-22 Møteveke Santalm. 29.sept. Ettermiddagsmøte. 2.okt. Basar Indre sjø. 9.okt. Møte med kontakter. 13.okt. Blå kors. 15-20 Møteveke Misjonssamb. 27.okt. NMS. 2.nov. Bedehusbasar. 10.nov. Blå kors. 21-24 Møteveke Inremisj.</p> <p>GUDSTENESTER:</p> <p>15. sept: kl. 19.00. Innskriving av konfirmantane.</p> <p>FESTLEG SAMVÆR</p> <p>Indremisjonen har festleg samvær på Bokn Bedehus onsdag 11. september kl. 19.30. Tale av Jon Magne Moi. Ein dametrio spelar og syng. Kaffikos og utlodning. Alle velkomne</p> <p>LEDIG STILLING Vikar</p> <p>Bokn barnehage treng vikar som kan møta på kort varsel ved sjukdom og anna fråver blant personalet. Henv. styrar</p>
<p>FUNNE</p> <p>Armbåndsur utan reim/lenke funnen på Boknasund bru i ferien. Henv. Gudrun Alvestad.</p>	
<p>MISTA</p> <p>1 par fotballsko PUMA (svarte med grønne/rød strip) mista fredag 28.juni (Boknaveka/fotballturnering) Henv. tlf. 74 85 28</p>	